# Fiske og namn på hølane

24.08.2012




Gode informasjonstavler er viktige for fiskarane.

**Styret i Eleveeigarlaget har motteke mange gode tilbakemeldingar på fiske i år.Trass stopp i salet av fiskekort er mange nøgde med opphaldet i Uskedalen og dei tiltaka som er gjort med informasjon og innrapportering av fangst.**

Nokre spør om betre skilting og namn på fiskeplassane.Ved innrapportering veit ikkje alle kor dei er i elva.Dette er sikkert ikkje noko problem for lokalkjende fiskarar, men mange tilreisande kjenner ikkje til dei lokale stadnamna.På informasjonstavlene er det kart med tilvising til gode fiskeplassar.Styret vil likevel betra på dette før neste sesong.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal